

Nytt fra landbrukskontoret 2022 18

Biogass – kurs og studietur

Vurderer du å produsere biogass på garden? Lær meir om dette på dagskurs 24.01.2023 på Særheim, og studietur til Rakkestad 25.01.2023. [Påmelding studietur innan 24.12.](#) [Meir informasjon og påmelding til kurs og studietur.](#) Arrangør er Rogaland biogassnettverk.

Midlar frå Innovasjon Norge 2023

Innovasjon Norge vil få meir midlar i 2023. Dette gir rom for meir tilskot for dei minste fjøsa, og til fleire prosjekt. Ingen søknadsfrist, fortløpande behandling.

Prioriteringar i 2023:

- Særleg prioritet av mjølkekufjøs til lausdrift inntil 30 kyr. For større mjølkekufjøs skal fjøskapasiteten vurderast i tillegg til planlagt mjølkeproduksjon. Tilskot vert knytta til dei 30 første båsane, kapasitet ut over dette må du finansiere sjølv.
- Tilskot til eksisterande/eldre lausdriftsfjøs støttast kun ved tiltak til dyrevelferd og oppfylling av storfeforskrifta sine krav for 2034
- Fokus på dyrevelferd, miljø, distrikt og unge bønder i andre husdyrproduksjonar
- Sau og storfekjøtt er prioritert i den grad det gjeld eksisterande produsentar, som ikkje planlegg vesentleg auke i volum
- For generasjonsskifte vert det heilheitleg vurdering av garden.
- For griseproduksjon kan det løyvast støtte til SPF-gris som dyrevelferdstiltak
- Gjødsellager: bare støtte der det også byggast dekke/tak over. Gjødselseparator kan støttast
- Grovfôrlager: kan støttast når bruken av landbruksplast vert redusert og nødvendige tiltak for å sikre avrenning av silosaft vert gjennomført
- Prioritet til unge bønder, og prosjekt innafor lokalmat, landbruksbasert reiseliv og Inn på tunet
Les meir om prioriteringar, tilskotssatsar, søknad og vedlegg, samt kontaktpersonar i [presentasjon](#).

Vi ønsker fortsatt alle en God Jul og et Godt Nytt År!